



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Arkivsak:

Løpenummer:

Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 05.03.2015

Tid: 18:00 – 20:00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene elektronisk til iPad og via utlegging på heimeside og informasjon i e-post 26.02.15.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Anne –Grete Gjerdevik, Hans Ekeberg, Ap
Magne Djuvik, Kristine Hjartnes, Gunnar Hansen, Roger Hoel, Frp
Steinar Skår, Aud May Boge, Steinar Berland, H
Asbjørn Heidal, Anne Martinsen, Stina Kvåle Bergesen, Krf
Hans S. Vindenes, Marianne Borge, Margunn Y. Samnøy,
Øyvind Nordbø, Haldor Tuft, Mikal Leigland, Sp
Gustav Folkestad, V

Forfall og møtande varamedlemer:

Birgitte H. O. Skibenes, SV, hadde forfall. For henne møtte Atle Fjelltveit, SV, som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand
Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til at ekstrasak nr 7/15 vart handsama.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Orientering:

Status rekneskapsavslutning 2014

Rådmann Berit Fløisand orienterte om rekneskapsavslutninga for 2014. Drifta totalt går omtrent i balanse. Svikt i skatteinntekter slik det tidlegare er orientert om.

Vedk. utskriven eigedomsskatt for 2015

Rådmannen opplyste at inntektene ser ut til å verta ca kr 300.000 høgare enn vedteke budsjett.

Digitale løysingar for folkevalde – meir opplæring i april

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, viste til at saksdokumenta til kommunestyremøtet 05.03.15 vart distribuert ut på iPadane.

Kva opplæring treng politikarane og når skal ein ha opplæringa?

Tilbakemeldinga frå representantar i kommunestyret var at ein treng opplæring i bruk av iPad og funksjonalitet i programvaren som vert nytta.

Tilbakemelding frå representantar i kommunestyret var at ein ønskjer opplæringa i april før neste utvalsmøteveka.

Representantar opplyste at dei ikkje kom til å ta iPadane med seg heile tida. Representantar peika på at det er viktig at ein har system for varsling om at saker eller informasjon er lagra ut på iPadane.

Det vart orientert om at andre kommunar nyttar varsling pr SMS ved utlegging av saksdokument og informasjon elles på iPadane.

Tilbakemelding frå representantar i kommunestyret var at kommunal e-post adresse vert nytta med kommunikasjon frå kommunen. Nokre ønskte også at ein fortsatt nyttar dei gamle e-post adressene.

Ut frå tilbakemeldingar og informasjon gitt i møtet oppsummerte ordførar slik:

Opplæringa vert på kveldstid i medio april. Informasjon om tid og stad vert sendt ut til politikarane.

Ordførar ba om at medlemmer og varamedlemmer sender spørsmåla og innspela - ein har til bruk av iPad og funksjonalitet i programvaren - pr e-post til ordførar. Spørsmåla og innspela nyttar ein som grunnlag i førebuinga slik at det vert tilpassa opplæring.

Inntil SMS-varsling er innført - samt dei kommunale e-post adressene er teke i bruk og fungerer for alle - nyttar ein dei tidlegare oppgjevne e-post adresser til varsling og informasjon om møte og saker.

Hans Ekeberg, Ap, stilte spørsmål om korleis politiske møte vert kunngjort og om ein kunne få tilbake kunngjeringa i avisa.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om at ein - som eit innsparingstiltak - har ei kort kunngjering i avisa med henvisning til heimesida. På heimesida er det meir utfyllande kunngjering og meir informasjon med lenkjer. I tillegg har ordførar bedt om at artikkel om utvalsmøteveka og kommunestyremøta vert lagt på framsida på heimesida slik at ålmenta får god informasjon om møta.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 05.03.15

Hans S. Vindenes
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET
002/15	KONSEKVENSVURDERING OG AVKLARING AV BUDSJETTVEDTAKET FOR 2015
003/15	KOMMUNEREFORMA - KOMMUNESTRUKTUR - OPPLEGG FOR PROSESSEN I FUSA KOMMUNE OG GODKJENNING AV PLAN FOR FØRSTE FASE.
004/15	HØYRINGSUTTALE OM OPPHEVING AV KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA
005/15	FUSA SOM FRILUFTSLIVETS ÅR-KOMMUNE 2015
006/15	SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FUSA KOMMUNE OG FUSA IDRETTSRÅD
007/15	MELDINGSSAK - OPPHEVING AV VEDTAK - REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSANLEGG/HOTELL NEDRE SKJØRSAND - GNR 40 BNR 3

001/15: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 18.12.14 vert godkjent.

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KOM-001/15 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 18.12.14 vert godkjent.

.....

002/15: KONSEKVENSVURDERING OG AVKLARING AV BUDSJETTVEDTAKET FOR 2015

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding.

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

På vegne av Frp, Ap, Krf og Venstre fremja Magne Djuvik, Frp, følgjande forslag:

- 1) Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak om budsjettrevisjon i samband med 1 tertialrapport.
- 2) Kommunestyret løyver kr 700.000,- til skule . Inndekning kr 400.000,- ved å redusera utgiftene til renter og kr 300.000,- ved å redusera lønnsreguleringsposten.
- 3) Kommunestyret ber rådmannen om å starta arbeidet med ny skulestruktur no. Framdriftsplanen er slik at framlegg til høyringsnotat kjem i Kommunestyret sitt møte i juni 2015. Vedtak om ny skulestruktur vert gjort i Kommunestyre sitt møte i november evt desember 2015
- 4) Ny skulestruktur skal så langt det er praktisk mogeleg settast i verk 1 august 2016.

Gunnar Hansen, Frp, fremja følgjande forslag:

- 1) Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak om budsjettrevisjon i samband med 1 tertialrapport.
- 2) Kommunestyret løyver kr 700.000,- til skule . Inndekning kr 400.000,- ved å redusera utgiftene til renter og kr 300.000,- ved å redusera lønnsreguleringsposten.
- 3) Viser til sak 44/14 budsjettvedtak des 2014.
Det må fattast vedtak om ny skulestruktur tidlig i neste periode. Prosessen skal vera i samsvar med det som opplæringslova og føresegner krev i saker som gjeld endringer av skulestruktur.

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1 er likt i begge framlegga – Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 er likt i begge framlegga – Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i framlegga:

Framlegget frå Magne Djuvik vart vedteke med 11 røyster. (3 Ap, 3 Frp, 3 Krf, 1 SV, 1 V).

Framlegget frå Gunnar Hansen fekk 1 røyst og fall. (1 Frp Gunnar Hansen)

9 røyster mot framlegga.

Punkt 4 i framlegget frå Magne Djuvik vart vedteke med 12 røyster. (3 Ap, 4 Frp, 3 Krf, 1 SV, 1 V).

9 røysta mot framlegget.

KOM-002/15 VEDTAK:

- 1) Kommunestyret ber rådmannen om å leggja fram sak om budsjettrevisjon i samband med 1 tertialrapport.
- 2) Kommunestyret løyver kr 700.000,- til skule . Inndekning kr 400.000,- ved å redusera utgiftene til renter og kr 300.000,- ved å redusera lønnsreguleringsposten.
- 3) Kommunestyret ber rådmannen om å starta arbeidet med ny skulestruktur no.
Framdriftsplanen er slik at framlegg til høyringsnotat kjem i Kommunestyret sitt møte i juni 2015. Vedtak om ny skulestruktur vert gjort i Kommunestyre sitt møte i november evt desember 2015
- 4) Ny skulestruktur skal så langt det er praktisk mogeleg settast i verk 1 august 2016.

.....

003/15: KOMMUNEREFORMA - KOMMUNESTRUKTUR - OPPLEGG FOR PROSESSEN I FUSA KOMMUNE OG GODKJENNING AV PLAN

FOR FØRSTE FASE.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Overordna plan for prosessen fram mot endeleg vedtak av framtidig kommunestruktur vert slik:

Mål for arbeidet:

- Få fram best moglege avgjerdsgrunnlag med mest moglege effektiv ressursbruk
- Ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:



Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gir oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt etter slik modell:

Prosjekteigar: Kommunestyret

Styringsgruppe: Formannskapet, supplert med gruppeleiar for Venstre då dette partiet ikkje er representert i formannskapet.

Prosjektansvarleg: Ordføraren

Prosjektleiar: Rådmannen

Det kan nyttast ekstern bistand der det er nødvendig, jfr. saksutgreiinga.

For fasane vert det utarbeidd prosjektplan. Den blir vedteken av kommunestyret.

Prosjektplanen skal innehalda mål for aktuell fase, organisering av arbeidet, risikovurdering, milepælsplan, plan for medverknad og informasjon.

Framlegg til prosjektplan for sonderingsfasen vert vedteken slik han ligg føre.

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Rådmannen og ordførar orienterte om planlagde folkemøte og møte med næringslivslaget. Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om felles formannskapsmøte med Kvam og Samnanger.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-003/15 VEDTAK:

Overordna plan for prosessen fram mot endeleg vedtak av framtidig kommunestruktur vert slik:

Mål for arbeidet:

- Få fram best mogeleg avgjerdsgrunnlag med mest mogleg effektiv ressursbruk
- Ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:



Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gir oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt etter slik modell:

- Prosjekteigar:** Kommunestyret
Styringsgruppe: Formannskapet, supplert med gruppeleiar for Venstre då dette partiet ikkje er representert i formannskapet.
Prosjektansvarleg: Ordføraren
Prosjektleiar: Rådmannen

Det kan nyttast ekstern bistand der det er nødvendig, jfr. saksutgreiinga.
 For fasane vert det utarbeidd prosjektplan. Den blir vedteken av kommunestyret.
 Prosjektplanen skal innehalda mål for aktuell fase, organisering av arbeidet, risikovurdering, milepælsplan, plan for medverknad og informasjon.

Framlegg til prosjektplan for sonderingsfasen vert vedteken slik han ligg føre.

.....

004/15: HØYRINGSUTTALE OM OPPHEVING AV KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alternativ 2: Fusa kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta. Dette er med på å opne opp marknaden for kjøparar med andre motiv enn landbruksdrift, ein auka fritidsbusetnad på gardane og på sikt ei fråflytting frå bygda. Ein høg prisauke kan og gjera det vanskeleg for unge nye bønder å kome inn i landbruket.

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Det var opplyst i e-post til kommunestyret at i formannskapet hadde Magne Djuvik sitt framlegg fått 3 røyster, (2 Frp, 1 V).

På vegne av Frp og Venstre fremja Magne Djuvik, Frp, følgjande felles framlegg; same framlegget som i formannskapet: rådmannen sitt forslag **Alternativ 1:** Fusa kommune støttar regjeringa sitt forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta. Dette er med på å auke marknaden for konsesjonspliktige landbrukseigedommar, styrkja eigedomsretten og gjera landbruksbyråkratiet enklare. med følgjande tillegg: Ein ber regjeringa om parallelt fremja forslag om innstraming av reglane i jordlova om å halda dyrka jord i hevd og vert brukt til matproduksjon.

Magne Djuvik sitt forslag om alternativ 1 med tillegg fekk 3 røyster og fall. (2 Frp Magne Djuvik, Kristine Hjartnes, 1 V)
Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 18 røyster:

KOM-004/15 VEDTAK:

Fusa kommune støttar ikkje regjeringa sitt forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta. Dette er med på å opne opp marknaden for kjøparar med andre motiv enn landbruksdrift, ein auka fritidsbusetnad på gardane og på sikt ei fråflytting frå bygda. Ein høg prisauke kan og gjera det vanskeleg for unge nye bønder å kome inn i landbruket.

.....

005/15: FUSA SOM FRILUFTSLIVETS ÅR-KOMMUNE 2015

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune ønskjer å vera ein ”Friluftslivets år-kommune”.

Fusa kommune vil støtta opp om Friluftslivets år 2015 og arbeida for måla om å gje auka merksemd og varige resultat i form av større deltaking i friluftsliv i alle deler av folket.

Dette vil ein gjera gjennom å :

- Støtta aktivt opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år
- Vektleggja omsynet til friluftsliv i kommunen sitt planarbeid
- Stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruka naturen til lek og læring
- Bruka friluftsliv som positivt virkemiddel i kommunen sitt folkehelsearbeid
- Arrangera ”ordføraren sin tur” – ein open tur med ordføraren som turleiar
- Stilla opp til bål samtale eller anna møte med friluftsansjonane i kommune
- Invitera til ”friluftslivets time” med kommunestyret

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Anne Martinsen, Krf, fremja følgjande tilleggspunkt i tilrådinga frå formannskapet:
"Utfordre kvar einskild kommunepolitkar til å skrive "sin tur" på kommunen si heimeside"
vert lagt til som siste punkt.

Tilrådinga frå formannskapet og forslaget fremja av Anne Martinsen vart samrøystes vedteke.

KOM-005/15 VEDTAK:

Fusa kommune ønskjer å vera ein "Friluftslivets år-kommune".

Fusa kommune vil støtta opp om Friluftslivets år 2015 og arbeida for måla om å gje auka merksemd og varige resultat i form av større deltaking i friluftsliv i alle deler av folket.

Dette vil ein gjera gjennom å :

- Støtta aktivt opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år
- Vektleggja omsynet til friluftsliv i kommunen sitt planarbeid
- Stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruka naturen til lek og læring
- Bruka friluftsliv som positivt virkemiddel i kommunen sitt folkehelsearbeid
- Arrangera "ordføraren sin tur" – ein open tur med ordføraren som turleiar
- Stilla opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsansjonane i kommune
- Invitera til "friluftslivets time" med kommunestyret
- Utfordre kvar einskild kommunepolitkar til å skrive "sin tur" på kommunen si heimeside

.....

006/15: SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FUSA KOMMUNE OG FUSA IDRETTSRÅD

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale med Fusa idrettsråd slik det fram av vedlegg i saka. Fusa idrettsråd er eit viktig samarbeidsorgan for Fusa kommune og ein slik avtale er med på sikra ein god dialog og eit godt samarbeid også i framhaldet.

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-006/15 VEDTAK:

Fusa kommune godkjenner framlegg til samarbeidsavtale med Fusa idrettsråd slik det fram av vedlegg i saka. Fusa idrettsråd er eit viktig samarbeidsorgan for Fusa kommune og ein slik avtale er med på sikra ein god dialog og eit godt samarbeid også i framhaldet.

.....

007/15: MELDINGSSAK - OPPHEVING AV VEDTAK -

REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSANLEGG/HOTELL NEDRE SKJØRSAND - GNR 40 BNR 3

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

SAKA VERT LAGT FRAM TIL ORIENTERING

05.03.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Ordfører Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om at han hadde bedt om at saka vart ettersendt som ekstrasak då det er kommunestyret sitt vedtak som fylkesmannen har oppheva.

Ordfører Hans S. Vindenes, Sp, sitt forslag om at saka vert teke til orientering vart samrøystes vedteke.

KOM-007/15 VEDTAK:

Saka vert teke til orientering.

.....

